

Dato 17.01.18

Saksbehandler Anders Aabø

REFERAT frå styremøte 30.08.16, Statens hus, Stavanger.

Til stades: Astrid Fjeld, Hans Widerøe, Anne Hestad Hem, Kjell Olav Henriksen, Kirsten Jæger Steffensen, Anders Aabø.

Sakliste: 46/16 Økonomi.
47/16 Studieturen 2016.
48/16 Landsmøtet 2016.
49/16 Skolemøtet 2016.
50/16 Årsmøtet 2017.
51/16 Implementering av rammeplanen.
52/16 Leiarmøtet 16.09.16.

Sak 46/16: Saldo pr 01.09.16: Kr 133.751,-.
Rekneskapen for 2015 er ennå ikkje klart til underskriving. Det manglar A – melding (innrapportering til skatteetaten). Styret må syta for at rekneskapen for 2016 må vera klar i god tid før årsmøtet i 2017.

Det er nå to skjema som skal nyttast ved refusjon av utgifter:

1. Reiserekningsskjema som skal nyttast som tidlegare. Desse skal heretter sendast til Trondheim (Gunn Otnes) med kopi til kasserar i fylkesavdelinga (Astrid Fjeld).
2. Refusjon av utlegg 2016. Dette skal nyttast til alle andre utgifter enn reiseutgifter (gåver, blomar o.a.). Dette skal sendast til kasseraren i fylkesavdelinga for attestering.

I tillegg gjorde styret følgjande vedtak under denne saka:

«Rekneskapen for Norsk kulturskoleråd Rogaland skal f.o.m. 2016 ikkje reviderast».

Sak 47/16: Alt er nå klart til studieturen til Helsinki:

1. Flybillettar, transfer, hotell: Ansvar: Anders Aabø
2. Konsertar: Ansvar: Hans Widerøe
3. Besøk: Ansvar: Anne Hestad Hem og Kirsten Jæger Steffensen.
Det vert besøk på Juvenalia, Espoo musikk institutt, Sibeliusakademiet og Annantalo.

Astrid Fjeld kjøper inn 6 gåver (bøker frå Rogaland).

Rådgivaren utarbeider detaljert program og sender det ut til deltakarane.

Sak 48/16: Følgjande fire representantar møter for Rogaland på landsmøtet i Norsk kulturskoleråd: Astrid Fjeld, Anne Hestad Hem, Kirsten Jæger Steffensen og Hans Widerøe.

Påmelding og innsending av delegatskjema: Ansvar: Anders Aabø

Flybilletter: Ansvar: Kvar delegat ordnar dette sjølv.

Delegatmøte 07.10.16 kl 10.00 – Innkalling og rombestilling:

Ansvar: Anne Hestad Hem.

Alle delegatane skal ha «full pakke» inkl. overnatting.

Sak 49/16: Me har fått 5 heildags- og 2 halvdagskurs på Skolemøtet 2016.

Av plassomsyn, må inntil tre kurs leggjast til Stavanger kulturskole;

dette er avtalt med rektor Hans W. Bræin. Styret fordeler

«vertskapsforpliktingane» i Bjergsted seg imellom.

NB! – Pass på at lærarane som skal på kurs i Bjergsted får melding om lokaliseringa! Det må ordnast med lunsj til desse.

Bandsamspel – kursa treng utstyr; raider frå Bård Hestnes.

Dette vert sak på leiarmøtet 16.09.16.

Sak 50/16: Årsmøtet 2017 er, som tidlegare referert, lagt til Thon Hotell Maritim i Stavanger 09. – 10.03.17. Konferansedelen vert torsdag 09. mars, og årsmøtedelen fredag 10. mars. Styret avventar inntil vidare tema for konferansebiten, men PULS kulturskule / kvalitet kan vera aktuelt tema. Stavanger kulturskole vert spurt om å stilla med kulturelle innslag desse dagane.

Sak 51/16: Saka vart utsett til etter samlinga i Oslo 14. – 15.09.16..

Sak 52/16: Sakliste til leiarmøtet 16.09.16:

- GSI (Thomas Thomassen)
- UMM (Anders)
- Skolemøtet 2016 (Anne)
- Implementering av rammeplanen (Kirsten)
- Rundebord (Kjell Olav)
- Årsmøtet 2017 (Kjell Olav)
- Nytt frå oven (Anders)
- «Summetid» rundt nettverksarbeid

Finnøy 31.08.16.

Anders Aabø
(Referent)